

agrovisjon



2010

22. - 24. oktober

i Stavanger Forum

Informasjon, inspirasjon og møte med gode venner



Landbrukspolitisk
konferanse



Landbruks-
utstilling/-messe



Bondepub/
Festmiddag



Gratis buss

Til og frå Jernbanestasjonen
Fredag: 10-12 og 16-01
Laurdag: 10-12 og 15-17
Søndag: 12-16



Program

Opningstider

Fredag 22. oktober
kl: 10.00 - 21.00

Laurdag 23. oktober
kl: 10.00 - 17.00

Sundag 24. oktober
kl: 12.00 - 16.00

Bondepub fredag

Det vert råd å kjøpe enkel pubmat, laga av norske råvarer utan bestilling på førehand. Vi voner at drøsen skal gå livleg når ein treff gamle vener og kjente. Jens Budsberg syter for ekte irsk stemning. Det vil ikkje vera plassbestilling til puben, men vi reknar med at mange vil stikka innom, slik at det kan vera trongt rundt borda og god stemning! Opningstid for bondepub kl 19.00 - 01.30

Festmiddag laurdag

Laurdag kveld kl. 19.00 inviterer Agrovisjon til festmiddag i Stavanger Forum. Sjur Håland har lova å vera konferansier og binda kvelden saman. Det vert servert ein tre rettars middag med noko å drikke attåt. Vi får vera med på utdeling av Rogaland landbruk sin heiderspris for 2010 og det er dessutan lagt opp til sprek underhaldning. Når middagen er ferdig spelar duoen Santor til dans.

Landbrukspolitisk konferanse

Agrovisjon 2010

Møteleiar:

Hallvard Ween, Regiondirektør NHO Rogaland

10.00 – 10.15	OFFISIELL OPNING Nils T Bjørke, leiar i Noregs Bondelag
10.15 – 11.00	Korleis vil bønder som har gjort store investeringar for volumproduksjon av norsk kvalitetsmat, bli fulgt opp framover. Erna Solberg, partileder i Høyre
11.00 – 11.30	Muligheiter for norske bønder fram mot 2030. Korleis skal vi skaffe mat til 1 million fleire nordmenn? Ole Chr. Hallesby, veivalgsrådgiver (Sparebank 1 SR -bank)
11.30 – 12.00	Nytt matprogram frå 2011- sentralt i arbeidet med utvikling av tilleggsnæringar. Korleis kan dette stimulere til ein ny giv i satsinga på lokal mat og lokale spesialitetar frå bygdene i Rogaland. Inger Solberg, direktør for mat og marin Innovasjon Norge
12.00 – 15.00	PAUSE FOR Å SJÅ PÅ UTSTILLINGA OG FÅ I SEG LUNCH.
15.00 – 15.45	EU sin landbrukspolitikk er stadig i endring. Produksjonskvotane for mjølk i EU skal bort - kva kjem i staden? Kva skjer med ordninga "Eit bruk eit tilskot" (pipetilskotet) ved revisjon av landbrukspolitikken. Bjørn Eidem, landbruksråd ved EU-delegasjonen i Brussel
15.45 – 16.30	Makt og avmakt i verdikjeda for mat! Får bøndene ein rimeleg del av verdiskapinga i dag? Einar Stensnes, leiar av matkjedeutvalet
16.30 – 17.00	Rogalandsbonden – deprimert gledesdrepar eller innovativt fyrverkeri? Tor Øyvind Skeiseid, Ryfylke Livsgnist

Vi støtter Agrovisjon 2010 som hovedsponsor fordi:



Sparebank 1 SR bank

Landbruket er ein av dei største og viktigaste næringane i vår del av landet. SpareBank 1 SR-Bank satser aktivt på landbruk og vi deltar som hovedsponsor på Agrovisjon då vi ser på arrangementet som ein viktig fagleg og sosial møteplass for landbruket. Landbruksteamet i SR-Bank har brei og allsidig bank- og landbrukskompetanse og vi kjenner godt utfordringar og behov som landbruket har. Vi lager gode totalløysingar innan finansiering, sparing og forsikring for deg og ditt bruk. Eksisterande og nye kunder treffer landbruksteamet i SpareBank 1 SR-Bank på Agrovisjon.



Innovasjon Norge

Innovasjon Norge skal bidra til å oppfylle Landbruks- og matdepartementets mål for næringsutvikling i landbrukssektoren. Vi støtter derfor prosjekt med god lønnsomhet som tar i bruk mangfoldet av landbrukets menneskelige og materielle ressurser. Den nasjonale strategien er nedfelt i "Ta landet i bruk". Denne har disse satsingsområdene: mat, økologisk matproduksjon og matforbruk, trevirke, bioenergi, reiseliv og opplevelsesproduksjon og Inn på tunet. Det meste av de finansielle tjenestene Innovasjon Norge bruker i landbrukssektoren er avtalt i jordbruksforhandlingene. Vår satsing omfatter programmer og tjenester rettet mot primærproduksjon og alternativ næringsutvikling, men også i noen grad mot tilstøtende "bygdebaseret" næringsliv og foredlingsindustri. Stikk innom vår stand i hall D under ditt besøk på Agrovisjon 2010.

Sponsorar:





Nils T. Bjørke



Erna Solberg
CF-Wesenberg/kolonihaven.no



Ole Christen Hallesby



Inger Solberg

- **Får bonden ein rimeleg del av prisen for mat i butikken?**
- **Kven skal produsere mat for ein ny million nordmenn?**
- **Skal vi følgje EU der det er vedteke å avvikle mjølkekvotane frå 2015?**
- **Kva har Innovasjon Norge på lur når det gjeld støtte til utvikling av lokal mat og andre tilleggsnæringar?**



Bjørn Eidem



Einar Steensnæs

Dette er spørsmål som vil bli belyst på den landbrukspolitiske konferansen under Agrovisjon 2010. Konferansen er ein av bærebjelkane i heile arrangementet.

Etter erfaringane frå to tidlegare arrangement er det i år ikkje noko krav om påmelding på førehand. Det er heller ikkje eiga konferanseavgift. Har du kome til Agrovisjon 2010 og betalt for å sjå maskinutstillinga kan du nytte same billetten til konferansen. I tillegg er det midt på dagen lagt inn ein tre timars pause i konferanseprogrammet. Dette for at konferansedeltakarane skal få sjanse til å sjå den flotte maskinutstillinga.

Regiondirektør i NHO Hallvard Ween har sagt seg villig til å leia konferansen som blir opna av leiaren i Norges

Bondelag Nils T Bjørke. Sjølve konferanseprogrammet inneheld berre godbitar. Her er det tilstrekkelig å vise til programmet.

Vi har fått med oss dei innleiarane vi har vore interesserte i. Dei vil ta opp utfordringar som det må takast omsyn til når landbrukspolitikken for første halvdel av dette hundreåret skal utformast.

Med sitt grundige kjennskap til dei emna dei vil orientere om, er vi sikre på at det vil gi den enkelte både informasjon, større innsikt og inspirasjon å nytte den 22 oktober i konferansesalen i Stavanger Forum.

Velkomen til ein spennande dag om framtida for Norsk landbruk!



Tor Øyvind Skeiseid



Hallvard Ween

Me har vore med å planlegge Agrovisjon 2010:

**Bonde
vennen**

Felleskjøpet Rogaland Agder



Har du vore i ein irsk pub nokon gong?

I så fall gløymer du det aldri. Det er ein slik irsk pub vi ynskjer å skape i Stavanger Forum fredag kveld.

Bondepuben er ny av året. Den opnar etter at konferansen er avslutta og vil vare til ut i dei små timar. Reint konkret vil bondepubben vera open frå kl 19.00 til over midnatt – (kl 01.30).

For å gjera heimturen enkel vil det bli sett opp buss i schuttle til og frå jernbanen utover kvelden. Bussen tek sikte på å korrespondere med avgangstidene for tog. Siste buss som vil bli tilpassa siste avgang for tog vil bli annonsert i lokalet. Vi ynskjer med dette arrangementet å

gj eit tilbod både til dei som har kome til Agrovisjon for å høyra og sjå, og til utstillarane på Agrovisjon. Bondepubben er og tenkt å vera ei koseleg avslutning på ein spennande dag. Så utfordringa er å skaffe seg avløyser slik at ein kan stoppe att, og kose seg saman med gode vener.

For dei som vil ha seg eit skikkeleg måltid er det råd å bestille bord i restaurantbuffeten som vi lagar for anledninga i Stavanger Forum. Elles vert det utover kvelden råd å kjøpe enkel pubmat, laga av norske råvarer, og med god drikke attåt.

Her skal drøsen gå livleg. Vårt håp er at mange vil treffa vener dei ikkje har sett på år og dag og friske opp gamle venskap, men det vert nok og mulighet for nye kontaktar.

For å skape den rette stemninga har vi leigd inn trubaduren **Jens Budsberg**. Han har lova å syte for ekte irsk stemning i pubben.

Det vil ikkje vera bestilling for å få plass, men vi reknar med at mange vil stikka innom, slik at det kan verta trongt rundt borda. Så er det opp til den enkelte å medverka til god stemning og hyggeleg lag.

Fest med middag og dans avsluttar Agrovisjonslaurdagen

Laurdag kveld inviterer vi til fest i Stavanger Forum. Vi har lagt opp til ein tre rettars middag tilberedt av våre fremste kokkar. Og middagen skal lagast av dei beste norske råvarer. Det vert vin eller anna god drikke til maten. Vi har prøvesmaka menyen som vert ein **kullinarisk nytelse**. Og når middagen er ferdig, **spelar duoen Santor opp til dans**.

Det vert sprek underhaldning under vegg. **Sjur Håland** har lova å dra oss gjennom kvelden. Det borgar for

godt humør og fin stemning. Som eit av høgdepunkta vert det utdeling av Rogaland landbruk sin heiderspris for 2010.

Vi vonar at folk i landbruket denne kvelden vil gå mann av huse. Alle har vi behov for, av og til å gjera noko utan om det vanlege.

Prisen på festmiddagen vert kr 660,- pr person. Her får du mykje god mat og drikke for pengane, samt dans med levande musikk og god underhaldning. Vi er sikre på at det vil den vera verd.

Plass kan tingast på våre heimesider - **www.agrovisjon.no**.

Når kvelden er slutt vil det bli sett opp gratis buss frå Stavanger Forum til Jernbanestasjonen slik at ein kan koma seg heim på ein grei, billig og sosial måte.

Til damene i bondebransjen:

Send gubben i dusjen, finn fram danseskoa og rensk stemmen for nå blir det fest med god mat, allsang, dans og drøs for alle bønder i Rogaland.

ROGALAND BONDELAC



stavanger forum





“Tredje gongen sede det”

Dette hugsar eg vi sa til kvarandre som born. Første og andre gongen var prøving og feiling, men tredje gongen måtte du ta det fulle ansvaret for det du gjorde.

Så også for Agrovisjon 2010. Arrangementet er det tredje i sitt slag i Stavanger Forum. Og vi har lært av det vi har gjort før. Årets Agrovisjon er derfor fornya i form og innhald. For oss som har med arrangementet å gjera er det nærast som ein eksamen. Vi vonar derfor, at alle som lever av landbruk og mat legg turen innom Stavanger Forum i perioden 22.-24. oktober og er med på å gi karakter til vårt arbeid.

Hovudkomiteen har gitt Agrovisjon 2010 tre stikkord:

- **Informasjon**
- **Inspirasjon**
- **Møte med gode venner.**

Målet for oss er at Agrovisjon 2010 skal gi **informasjon** slik at ein tryggare kan gjera val for framtida. Vi har derfor lagt oss i selen og fått dei innleiarane som vi meiner har mest å gi. Og det er med glede og stoltheit eg som leiar av hovudkomiteen kan konstatere at vi har lukkast 100%.

Landbruk og produksjon av kvalitetsmat er viktig for Noreg, for Rogaland, for kommunen og for heimbygda. Her i Rogaland har vi definert oss sjølv som matfylket i Noreg. I fylket vårt har vi mange bønder og stor produksjon. Vi trur den flotte utstillinga som vi kan vise fram på Agrovisjon 2010 vil gi aktive bønder **inspirasjon** til å ta nye og



framtidretta grep. Kvifor reise til Agroteknikk eller til Agromek når vi har alt vi treng i distriktet, like rundt stovedøra.

At alle som kjem på Agrovisjon 2010 vil treffe kjentfolk og gamle venner kan vi garantere. Målsettinga vår er at vi vil ha 10 000 gjester i utstillingshallane. Når folk møtes er det alltid muligheter. Gamle vennskap kan friskast opp og fornyast og nye kan bli etablert.

Agrovisjon 2010 legg derfor til rette for at folk kan stoppe igjen i Stavanger Forum etter at utstillinga er slutt fredag. Då blir det lagt til rette for ein intim bondepub med irsk musikk. Og laurdag inviterer vi til ein staseleg festmiddag som

blir avslutta med dans. Sjur Håland har lova å vera toastmaster. Alle dagar vil det bli sett opp gratis buss til og frå Jernbanestasjonen i Stavanger.

Nytt av året er at **vi inviterer familiar frå bygd og by til Agrovisjon 2010** søndag den 24 oktober. Mange vil nok, etter ein tur gjennom utstillingshallane, oppdage at landbruket er meir moderne og meir i tida enn dei har vore klar over.

Velkommen til Agrovisjon 2010

Joar Oltedal
Leiar av hovudkomiteen



Rogalandsbonden har tradisjon for å vera moderne

Ovanstående formulering er tittelen på ei hovudfagsoppgåve på universitetet i Bergen. Og det fortel at rogalandsbonden vil ha tak i det mest moderne utstyret.

Derfor vil du finne det siste nyaste nye i utstillingshallane under Agrovisjon 2010. Opp i mot 4000 kvadratmeter vil vera proppa med den nyaste teknologien som er på veg inn i landbruket, og andre nyvinningar for eit moderne landbruk.

I år skal vi berre nytte Hall C og Hall D. Det betyr ei meir kompakt utstilling og korte avstandar. Men det betyr også at det vert fleire folk rundt i gangane og inne på den enkelte utstillar sin stand.

Dei aller fleste relevante firma som har vore med før, og ein del nye er på plass og vil vise det dei har og kan tilby. Og vi har oppmoda alle utstillarane til å henta fram den teknologien som dei veit er på veg inn. Nye løysingar og rasjonelle tilpassingar er det alltid marknad for i Rogaland.

I tillegg til dei tradisjonelle utstyrsleverandørane, som vi reknar med vil gi gode rabattar for å få i stand ein god handel, er og Rogaland landbruksrådgjeving og andre viktige støttespelarar for landbruket solid representert.

Vi var veldig stolte over utstillinga på Agrovisjon i 2007. Minst på høgd med Agroteknikk og Agromek var det mange som konstaterte. Og vi skal garantere. Vi har lagt lista ennå høgare i år.

På vår heimeside finn du oversikt over alle utstillarane i år. Vi reknar med at mange av dei vil nytte høvet å presentere sine beste tilbod og sine nyheter her.

Følg derfor med på <http://www.agrovisjon.no/> fram mot Agrovisjon 2010.

Det kan løne seg.



- A = Landbrukpolitisk konferanse bondepub/festmiddag
- B = Landbrukutstilling/messe
- D = Landbrukutstilling/messe
- P = Parkering

